Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Veving 44 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Etne

Emne: seremne 8 Bygdelag:

Oppskr. av: Trygve Vinje Gard:

(adresse): Frette G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter og andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vendavadmål – vart brüka til mannskler, både til arbeid og helg, etter dei slutta med skinnkler. Dei brüka også vendavadmål til kvardagsklær (stakkar) åt kvinnfolka, og til underbuksor åt mannfolka.
Vendavadmål var tjukt med synleg vend (render) på rettsia.

2. Tviskyft-vadmål var slett og tünnare enn vendavadmål.
Tviskyft vart brüka til kvinnfolkkjolar og underkler

3. Einskjeft-vadmål, som var endå tinnare. vart brüka berre til underkler

5. Stoff. bomülls varp og üll veft, vart brüka til dynetrekk, hovüdputer og til kjolar og underkler åt kvinnfolka.

6. Dükar, pütevar og skjorter vart også vove av lin som dei haüsta på gardane. Namn som Linåkra o.l. finst på mange gardar.
Stry vart også brüka til skjorter og handkler. Stryskjortene vart brüka narast kroppen, og dei gnog ofte, serleg i förstninga.

9333

På garden Tjelmeland i Skånevik gjekk
húsmannsborna med dei nye strykjolene
ei tid for å mykja dei opp um
grand før borna åt húsbonden tok
dei på seg. Húsmannsguten på „Stølen"
Ole Hansen, som seinare dreiv landhandel
på Kyrping og vart ein rik mann.
fortelte at han i barndomen laut gå
med dei nye strykjolene åt
húsbondsfolka sine born på Tjelmeland.

8. Åkle vart helst vovne med bomulls-
renning og ull veft. Det hende dei
brúka ull-renning og.
Aklea var to slog, nemleg Brantåkle
der mønsteret var regelrette striper (brantar)
av ymse fargar
t. d. såleis:



Dokkeåkle kalla
dei slike som var
vovne i smettevering



for då brúka dei ymse slog tråd-dokker.
Men det vert elles fortalt at dei hadde
små tunnare åkle til å pakka
skirsleborna inn i. Desse vart kalla
dokkeåkle. Anna Fläte, Øygarden, hadde
eit slikt der det var innvove
andlet. Derav kom namnet dokkeåkle,
meiner sonen Tjerand, 77 år gamal.
Siri Håheim hadde også eit slikt
dokkeåkle. Sidan det var så lite
og vart brúka til dåpsborn, kalla
dei det dokkeåkle, meiner
Marta Skjold, Fläte, 80 år
gamal.

9333

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei vov vanlegvis 2-3 vever kvar vinter. T.d. 1 med grått vadmål til kvardagsklær, 1 vestavadmål som vart farga og persa til bestklær – eller ufarga til sengklær (Kvitlar) 1 ~~Stro~~skjeft vev eller stoff-vev og stundom ein åklevev.

Seremne 8.

Veven var vanleg 5 kvart (1¼ al) brei. Sengda vart etter som dei trong og hadde vyrke. Det gjekk frå 16-20 tjug remmegstråd på kvar al i breidda. I Etne talde dei trådane i tjug I Nordfjord talde dei i „basmer" som også var 20. fortel Marie Sæten (70 år gamal) på Loen



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING